



## Fylkesstyret:

Namn	Verv	Oppmøte	Mobil	E-post
Inge Martin Karlsvik, 6490 Eide	Leiar	<b>Møtt</b>	95264979	inge.karlsvik@mimer.no
Birgit Oline Kjerstad, 6293 Longva	Nestleiar	<b>Møtt</b>	48111549	birgitkj@online.no
Anne Katrine Jensen, 6638 Osmarka	Styremedlem	<b>Møtt</b>	90156039	anne.katrine@hansgarden.no
Hans Frafjord, 6390 Vestnes	Styremedlem	<b>Møtt</b>	41518991	hfraf@broadpark.no
Arne Rekkedal, 6165 Sæbø	Styremedlem	<b>Møtt</b>	99649978	arne.rekkedal@tussa.com
Erik Olufsen, 6690 Aure	1. vara	<b>Møtt</b>	97787421	erik.olufsen@sweco.no
Solveig Linge Stakkestad, 6210 Valldal	Fylkesleiar BKL	Forfall	95856643	solveig@linge.bz
Arnhild Heggemli Harstad, Rød, 6631 Batnfjordsøra	Fylkesleiar BU	Forfall	41605033	arnhild.bu@hotmail.com
<b>Til orientering:</b>				
Petter Melchior, 6214 Norddal	2. vara	-	92283477	petter.melchior@c2i.net
Elling Kvammen, 6440 Elnesvågen	3. vara	-	91824069	elling.kv@hotmail.com
<b>Sekretariatet møter:</b>		<b>Tlf. arbeid</b>		
Gunnar K. Wentzel – <b>møtt</b>	org.-sjef	71202897	90729582	gunnar.wentzel@bondelaget.no
Arild Erlien – <b>møtt</b>	rådgjever	71202895	99726399	arild.erlien@bondelaget.no
Atle Frantzen - <b>møtt 28.mars</b>	org.-konsulent	71202894		atle.frantzen@bondelaget.no
Anne Turid Myrbostad – <b>møtt</b>	førstekonsulent	71202890	95944610	anne.turid.myrbostad@bondelaget.no

## Protokoll frå styremøte i Møre og Romsdal Bondelag mandag 28. og tysdag 29. mars 2011 med synfaring til Sunndal, Surnadal og Halså

**Mandag 28. mars:**

Kl. 09.45 Avreise frå Felleskjøpet, Molde

Kl. 11.15 **Sunnalspotet**, Sunndal: driv med mottak, lager, sortering, vasking, pakking og distribusjon av potet for potetprodusentane i Sunndal. Ivar Grødal orienterte om drifta.

Kl. 13.30 **Gardskraftverk**: På Nordvikstranda, Kvanne, på vegen inn mot Todalen fekk styret orientering av leiar i Surnadal Bondelag, Oddvar Mikkelsen, om kraftverket Nordvik Kraft som han saman med andre grunn-eigarar i bygda har reist. Bøndene bak kraftverket har også her reist nye kufjøs.

Kl. 14.30 **Oksefjøs**: I Todalen besøkte fylkeslaget oksefjøset til Maren Ansnes og Asbjørn Karlsen. Dei har eit oksefjøs til 300 dyr og hus for 7.500 høner. Det er ønskjeleg at fleire fôrar fram oksar sidan fylket sender ut mange kalvar.

Kl. 16.30 Vårsøg hotell - Fylkesstyremøte

**Tysdag 29. mars:**

Kl. 09.00 **Landbrukskontoret**: besøk og gode samtaler med dei tilsette på landbrukskontoret i Surnadal; nærings-sjef Harald Bredesen, jordbrukssjef Mona Rosvold, fagkonsulent Ingebrigt G. Moen og skogbrukssjef Tore Gjul.

Kl. 10.30 **Gardsslakteri**: Ved Sylte gardsslakteri vart styret teken imot av familien Sylte - far Lars, son Ola og dotter Jorid, samt styreleiar Ola Grimsmo. Dei orienterte om svineproduksjonen og bygging av slakteriet. Dei har kapasitet til å produsere og slakte meir gris.

Kl. 13.30 **Nydyrking**: I Halså orienterte nestleiar i Halså og Valsøyfjord Bondelag, Jan Erik Glåmen (32), om utviklinga av landbruket i kommunen. Han kom inn på hjorteskarar på skog, og jordvernsak langs E39. Fylkeslaget såg på nydyrkingsfeltet som han har under opparbeiding på Halsånaustan. Her er store jordressursar framleis.

**Skogplanting**: Ved Megarden planteskole på Halsånaustan orienterte dagleg leiar Tore Dønheim om utviklinga og nedgongen i skogplantinga i fylket. Megarden er eigd av Skogselskapet i Møre og Romsdal.

Kl. 14.30 **Nederlendarar nye brukarar**: Siste stopp på utferda var besøk hos Djurry Postma og Lieuwe Van Der Valk, det nederlandske paret som i oktober kjøpte ein av Halsågardane. Her har dei vidareført gardsdrifta med mjølkeproduksjon. Dei jobba som avlørsarar på Tolga før dei flytta til Halså. Styret var svært tilfreds med at denne fine garden var seld i full drift og ikkje slakta.

**Bondelagets Servicekontor AS**

<b>Postadresse:</b> PB 2047 Moldegård 6402 Molde	<b>Besøksadresse:</b> Fannestrandveien 63. Molde	<b>Telefon:</b> 71 20 28 90	<b>Mobil:</b> 907 29 582	<b>E-postadresse</b> More.romsdal@bondelaget.no
<b>Møre og Romsdal Bondelag</b>	<b>Org.nr.:</b> 939678670	<b>Bankkonto:</b>	8101.05.12891	<b>Internet:</b>
<b>Bondelagets Servicekontor AS</b>	<b>Org.nr.:</b> 985063001 MVA	<b>Bankkonto:</b>	8101.05. 91392	www.bondelaget.no/moreogromsdal

**Fylkesstyremøte vart halde på Vågsøg Hotell i Surnadal 28. mars kl. 16.30-20.30****1/2011 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:** Innkalling og sakliste godkjend med tillegg om kraftforbaserte produksjonar i fylket.

**2/2011 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 3. mars 2011**

**Vedtak:** Protokoll frå styremøtet 3. mars godkjend.

**SAK 17/2011: Gjennomgong retningsliner fylkeslaget****Arbeidsmåte. Arbeidsplan. Budsjett. Møteplan**

**Vedlegg:** Arbeids- og tiltaksplan og Budsjett 2011/2012 (i årsmeldinga) vedteke på årsmøtet.

Retningsliner for fylkeskontora i Norges Bondelag.

Styret gikk gjennom arbeidsmåte, prioritering av arbeidsoppgåver i f.t. arbeidsplanen, budsjett og forholdet til media. Vidare instruks for fylkeskontora i Norges Bondelag. Kontoret er tilsett av Norges Bondelag og stilt til rådvelde også for fylkeslaget.

**Vedtak om årsmøte i lokallaga:** Fylkeslaget sender ut melding til laga tidleg på hausten med svarfrist at dei kan melde om dei har ønskje om tid og stad og tema, evt ønskjer fellesmøte der det er fleire lag i kommunen og dagmøte, og om dei ønskjer besøk av ein bestemt person frå Bondelaget.

Årsmøta blir halde seinast 14 dagar før Leiarmøtet.

Styret set opp 4-5 lag dei ønskjer å besøke.

Arbeide med å spisse tema på 3 til 4 saker pr innlegg.

Styret i Norges Bondelag vil no prioritere nokre saker før og etter årsmøtet i juni.

Fylkesstyret vil bestemme at lag som ikkje har hatt årsmøte på fleire år skal bli slått saman med nabo-lag.

**Vedtak arbeidet i fylkeslaget:** Styret vil oppretthalde tidlegare praksis med delegering av ansvar og oppgåver på heile styret. (Jfr. Arbeidsdelinga). Føresetnaden er rask rapportering på e-post med nokre stikkord om spesielle saker som er handsama eller reist i møta tilbake til leiar og kontor.

Alle styremedlemene bør på førespurnad delta på møter i lokallaga.

Styret vil prøve i større grad å samarbeide med lokallag om aktivitetar i fylket.

Fylkeslaget set opp dato for årsmøte i lokallaga og med aktuell representant frå fylkeslaget som møter ved uttalt konkret ønskje frå laget.

Første vara til styret blir kalla inn. Talspersonar samt leiar i Valnemnda blir invitert til ordinært Lei-armøte og Årsmøtet og elles når det er aktuelt.

Ved representasjon til anna enn lokallaga og dei tildelte oppgåver, skal deltaking vere etter avtale med leiar/org sjef. Vidare kan heile styret uttale seg til media om dei saker som er drøfta og det er semje om. Styret er arbeidsorgan for Norges Bondelag og skal fremme våre felles synspunkt. For-delingsspørsmål og strategi som ikkje er drøfta ligg det til leiar å kommentere.

**SAK 18/2011: Bodstikke stafetten i fylket og informasjonsaksjon i fylket**

**Vedlegg:** Skrivet til laga. Jfr referat på vår heimeside. **Pr 21.3. er det 10 påmeldt.**

**Fylkesstyret deltek i Oslo om ein har tid og lyst og bestiller billett sjølv snarast.**

Fylkeslaget vurderer å samle dei som har lyst i etterkant.

Fylkeslaget har med ein plakat i A3 frå kommunebrosjyra for alle kommunar.

**Møre og Romsdal Bondelag har skreve på følgende visjon for landbruket i Møre og Romsdal:**

- Landbruksnæringa i det fremste matfylket i landet har som mål å produsere endå meir mjølk, kjøtt, egg, potet, grønt, og trevirke av beste kvalitet.
- Vi vil ta i bruk alle ressursane vi har på garden. Vi vil vidareutvikle næringsverksemda til beste for bygda og samfunnet.
- Rekruttering: - Ved å bygge på kunnskap og samarbeid skal vi gjere det godt å vere ung kvinne og mann i landbruksnæringa i fylket.

**Vedtak:** Stafetten går vidare, og lokallaga har alt gjennomført ei imponerende rekkje av tiltak som er synlege med klårt budskap i media.

**Presseklipp:****Heimeside 22.03.2011 Ba om felles løft**

Halsa Valsøyfjord Bondelag fikk støtte fra lokalt næringsliv og lokalpolitikere da de markerte sin del av den landsomfattende budstikkeaksjonen mandag. For lokalpolitikere holdt varaordfører Ivar Betten (Ap) appell under markeringa. Han synes det er positivt med den tilveksten av nye aktører til jordbruket som Halsa har fått den siste tiden. - Vi tar veldig på alvor de signaler dere gir oss med denne aksjonen, og vil jobbe for at levevilkårene for bøndene bedres, sa Ivar Betten. (DRIVA)

**Heimeside 21.03.2011 Sandefisk støttar norsk landbruk**

Sande Bondelag er særskilt glad for at Sandefisk støttar bodstikke-stafetten deira. Dei har til felles at dei gjer seg nytte av og haustar av det lokale matfatet. (VESTLANDSNYTT)

**Heimeside 21.03.2011 Høyre-ordfører støttet oppropet i Tingvoll**

Høyre-ordfører Ole Morten Sørvik støttet oppropet i budstikke-stafetten da Bondelagene i Tingvoll markerte aksjonen 17. mars. - Landbruket er viktig for Tingvoll. Det er både Bondelagene og politikere i kommunen enige om. Nå har de underskrevet en budstikke som skal leveres myndighetene, skriver nettstedet Tingvoll.net etter markeringen i Tingvoll.

**Heimeside 18.03.2011 Sunndal-ordfører Ståle Refstie (Ap): - Stå på!**

Det går ei bodstikke frå kommune til kommune gjennom landet. Onsdag kom gardbrukarane med budskapet til kommunestyret i Sunndal. Ordfører Ståle Refstie verdsett innsatsen og skreiv i budstikka at han både forstår krav om betre matsikkerheit og jordvern, og oppmoda heilt til slutt: Stå på! (DRIVA)

**Heimeside 16.03.2011 Bønder krever lønn for slitet: Får brei støtte**

Sammen med landbruksrådgiver Ola Krangnes i Surnadal Sparebank støtter jordbrukssjef Mona Rosvold bøndenes krav om økt lønnsomhet og mer dyrket jord. - Vi må ha levende bygder, da må vi ha et levende landbruk, sier ordfører Mons Otnes (Ap), ordfører i Surnadal. Bondelagene i Surnadal og Todalen markerte tirsdag budstikke-stafetten i Surnadal (AVISA DRIVA)

**Heimeside 15.03.2011 Meieriindustrien er avhengig av norsk landbruk**

- Norsk landbruk er viktig for norsk matproduksjon, for busetting og aktivitet over heile landet. Norsk meieriindustri er avhengig av norsk landbruk, var meieristyrar ved Tine Meieriet i Ørsta, Bente Reklev, si helsing til budstikka-stafetten då Bondelaga i Ørsta starta opp budstikka i søre luten 14. mars. Bondelaga i Ørsta trong ikkje å leite lenge etter den personen dei ynskte godord med på vegen frå. Klikk på aviskopiane nedanfor for å lese om budstikke-stafetten i SUNNMØRSPOSTEN OG MØRE-NYTT.

**Heimeside 14.03.2011 Ap-ordfører i Rindal undertegnet budstikka**

Arbeiderpartiets ordfører i Rindal og tidligere fylkesleder i Møre og Romsdal Arbeiderparti, John Ole Aspli, var på plass da budstikka til Norges Bondelag starta hos bondelagsleder Tore Simonset i Rindal mandag 14. mars. Ordføreren signerte budstikka sammen med Tore Simonset, Ola G. Bjørnås og Inge Brønstad i Rindal bondelag. Deretter ble den overrakt til nestleder i Surnadal Bondelag, Olav Mausset (til høyre på bildet)

**Heimeside 14.03.2011 Bodstikke-stafetten starta på fylkesårsmøtet**

Norges Bondelag sin bodstikke-stafett gjennom Møre og Romsdal starta på fylkesårsmøtet i Molde 12. mars. Då overleverte fylkesleiar Inge Martin Karlsvik kvar si bodstikke til lokallagsleiarane i Rindal Bondelag og Ørsta Bondelag. Bodstikka skal innom alle kommunar i fylket, for så å ende opp i Molde att 11. april. Deretter tek fylkeslaget med dei to bodstikkene til stormønstringa i Oslo 12. april.

**SAK 19/2011: Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag – oppsummering og oppfølging**

**Vedlegg:** Protokoll årsmøtet.

**1 Oppmodingar:****Audun Skjervøy oppmoda fylkeslaget om å vurdere eit eige Grøntutval.**

**Vurdering:** Fylkeslaget har ingen fagutval. Grøntsektoren har potensiale, og fagmiljø er viktig. Fylkeslaget har ikkje kompetanse til å vere sekretariat for Grøntutval p.t., men det kan evt leigast inn. Fylkeslaget deltek i næringspolitisk samarbeid i Grøntutval for Vestlandet. Norges Bondelag har eige Grøntutval.

**Vedtak:** Fylkesstyret meiner det er behov for fagleg-politisk arbeid innan grøntsektoren med målsetting om å utvikle produksjonane vidare i vårt fylket.

Styret ønskjer å forespørje grøntmiljøet i fylket om interesse for å opprette ei arbeidsgruppe for å rekruttere til grøntproduksjonane i fylket for ein toårsperiode, samt å fremme dei næringspolitiske rammevilkåra. Dette arbeidet kan erstatte samarbeidet med Grøntutvalet for Vestlandet i perioden.

## 2 Ivar Aae, Averøy meinte Landbruk Nordvest bør bli invitert på drøfting av jordbruksavtala med organisasjonane.

**Vedtak:** Styret ser det ikkje som naturleg at Landbruk Nordvest blir invitert til drøfting av jordbruksavtala med organisasjonane, då dei ikkje er med i Representantskapet i Norges Bondelag, og er ei rådgjevingsorganisasjon og ikkje ein faglegpolitisk organisasjon.

## 3 Oppsummering årsmøtet frå fylkeskontoret:

Kan ha en Open Post eller "Lokallaga sin time" på både Årsmøtet og Leiarmøtet for at fleire skal ta opp saker litt uhøgtideleg?

Særleg Fylkesmannen og delvis Landbruk Nordvest er lite synleg som arrangør og aktør i gjennomføringa. (Alternativ: "Arrangør: Møre og Romsdal Bondelag, i samarbeid med Fylkesmannen i M&R og Landbruk Nordvest.)

Dersom rekruttering og kunnskap skal vera hovudtema bør det seiast noko om korleis rekrutteringssituasjon og kunnskapsnivå er i dag, og korleis utviklinga er.

Kan vere fleire førebudde innlegg, særleg retta mot politikarane.

Kan sende over aktuelle saker til politikarane på førehand.

Styret kan gjerne ha innlegg som provoserer i gong debatten.

Positivt fokus på opinionsdanning og info om landbruk.

Diskusjonen om næringspolitikken kunne vore ytterlegare dreia inn mot ungdom og rekruttering.

Dokument / kopiar som blir delt ut må vera tydelege og lett gjenkjennelege.

Sjå til at Årsmøtet og Leiarmøtet ikkje liknar for mykje på kvarandre.

### Vedtak:

- 1 Styret merkar seg at årsmøtet med overveldande fleirtal går for at fylkeslaget set opp plan for årsmøta i lokallaga i dei første tre vekene i oktober.
- 2 Fylkeslaget vil ikkje ha eigen premiering av verving sidan Norges Bondelag no har det.
- 3 Fylkeslaget vil også overlata til lokallaga å gi kjeledress eller anna gåve til vertskapet for Open Gard – det kan tingast i nettbutikken etter størrelse.
- 4 Utnemning av Aktivt Lokallag held fram der Norges Bondelag no premierer laget med kr 5.000.

## SAK 20/2011: Aksjonsplanar for Møre og Romsdal Bondelag og Norges Bondelag

**Vedtak: FORTRULEG**

## SAK 21/2011: Arbeidsdeling i fylkesstyret

Utval/arbeidsorgan/talspers	2011/2012	Sekretær
Arbeidsutvalet / Mediautvalet:	Leiar,nestleiar,org sjef	orgsjef/Erlie
Ordførar i årsmøtet Norges Bondelag:	Odd Chr. Stenerud, valt 2005 (vara 03-05)	
Representantskapet i Noregs Bondelag:	Leiar vara nestleiar	Orgsjef
Prosjekt Matmangfold i Landbruk Nordvest:	Arne Magnus Aasen, leiar	
Landbruksselskapet i M&R:	Leiar vara n.leiar	Orgsjef
Grøntsektoren	Audun Skjervøy vara Ole S Iversen	
Bygdekvinnelaget:	Arne Rekkedal, vara Hans Frafjord	Myrbostad
Bygdeungdomslaget:	Anne Katrine Jensen, vara Erik Olufsen	Frantzen
Den Norske Matfestivalen, Ålesund:	styremedlem Jørgen Holte og Solveig Linge Stakkestad, BKL	Erlie
EU - NTEU kontaktperson:		Org sjef
Samarbeidsutval Gjensidige:	Leiar, org sjef	Orgsjef
Styret Innovasjon Norge:	Anne Katrine Jensen	Orgsjef
Rovdyrtalsperson - Rovviltutvalet fylket:	Oddvar Tynes	
Økologisk landbruk	Anne Katrine Jensen	Frantzen
Kulturlandskapsgruppa Landbruksavdelinga:	Birgit Kjerstad, vara Inge Martin Karlsvik	Erlie
Distriktsrådet HV 11:	Per Devold, Rauma vara: Anne K Jensen	Erlie
4 H - årsmøtet:	Birgit Kjerstad, vara Anne K. Jensen	Erlie
Energi, klima og miljø	Anne Katrine Jensen, vara Birgit Kjerstad	Wentzel
Korn og kraftfôr talsperson:	Hans Frafjord	
Utmarksnæring Verdifulle Opplevelser:	Arne Magnus Aasen	Frantzen
Inn på Tunet:	Birgit Kjerstad	Frantzen

<b>Mjølkeprosjekt Sunnmøre og Vestlandet:</b>	Per Kristian Gjerde	
<b>Mjølkeprosjekt Nordmøre</b>	Oddvar Mikkelsen	
<b>Prosjektet "Småskala kraftverk – næringsveg i bygdene på Vestlandet":</b>	Jørgen Holte	
<b>Samarbeidsrådet for landbruket i Midt-Norge:</b>	Foreslår Birgit Kjerstad frå fylket	Orgsjef
<b>Det norske Måltid:</b>	Solveig Linge Stakkestad	Myrbostad
<b>Skuleutvalet Gjermundnes:</b>	Birgit Kjerstad el Anne K Jensen int.	

**(Arbeidsdelinga ved kontoret vil være opp til organisasjonssjefen til ei kvar tid.)**

### **SAK 22/2011: Utvikling av kraftfôrbaserte produksjonar i Møre og Romsdal**

Det er mjølke- og storfeprojekt i fylket. Vi treng også andre produksjonar. Fylkeslaget bør ta initiativ til eit prosjekt på kraftfôrbaserte produksjonar, evt gris, på line med storfeprosjekta. Siktemålet er å oppretthalde husdyrproduksjonen, m a ved å nytte fjøs der det ikkje er mjølkekyr lenger. Også sikte på å hindre at produksjonen går tilbake i framtida. Dette vil styrke grunnlaget for kornsiloen. Bondelaget bør ikkje vere eigar eller drivar av prosjektet, men kanskje Nortura. Leiar i styringsgruppa kan vere ein tilsett. Gjermundnes Landbruksskule er også interessert.

**Vedtak:** Fylkeslaget vil som ein del av rekrutteringsarbeidet ta initiativ for å styrke dei kraftfôrbaserte produksjonane i fylket. Vi vil ta saka opp med m a Nortura, Norsvin, Felleskjøpa, FMLA.

M&R Bondelag sendte følgjande brev 4. april til Norsvin M&R ved Lars Erik Hubred og Nortura ved Asbjørn Ramselien:

#### **Rekruttering til kraftfôrbaserte tilleggsproduksjonar i M&R**

Viser til nyttig telefonsamtale med Asbjørn Ramselien i Nortura i dag. Styret i Møre og Romsdal Bondelag drøfta 28. mars eit initiativ for å fremme nye produksjonar, særleg dei kraftfôrbaserte, og gjerne i eksisterande husdyrbygg.

Etter råd frå Asbjørn vil vi be Norsvin Møre og Romsdal vurdere interesse og behov for prosjektretta arbeid på gris i fylket. Vi forstår at det tidlegare overskotet på smågris i fylket er borte, og at det heller ikkje er overskot i nabofylka. Etablering av ny produksjon vil da måtte vere smågris eller kombinert.

Møre og Romsdal Bondelag ønskjer å medverke til å styrke kraftfôrbaserte produksjonar, for tida spesielt gris. Styrets ønskje å oppretthalde eit variert husdyrmiljø, fremme tilleggsproduksjonar, nytte bygg som ikkje blir nytta til mjølk lenger, og styrke grunnlaget for Møre og Romsdal Kornsilø.

Vi ser for oss at andre enn Bondelaget bør vere eigar eller drivar av eit evt prosjekt.

Naturlege samarbeidspartnarar vil evt vere Nortura, Norsvin, Felleskjøpa, og FMLA, og evt Landbruk Nordvest på bygg. Prosjektfinansiering ved BU-midlar. Leiar for dette faglege arbeidet kan gjerne vere ein tilsett, meiner styret.

Bondelaget ser dette som viktig for å få breiare rekrutteringsgrunnlag til næringa. Det er mjølke- og storfeprojekt i fylket. Det har også tidlegare vore intensivt arbeid for å fremme gris og høns. Purkeringen har hatt svært stor verdi for å oppretthalde og styrke fagmiljøet på gris. Møre og Romsdal Bondelag har gått inn for at kraftfôrbaserte produksjonar skulle vere prioriterte på line med storfe ved bruk av BU-midlane og at aktørane i purkeringen få finansiering. Vi ønskjer å hindre at dei kraftfôrbaserte produksjonane går tilbake i framtida, og gjerne konkretisere eit målbart tal nyetableringar.

Vi ser fram til å høyre frå Norsvin om de no ser behov for aktuelle samarbeidsområde for svinehaldet i fylket.

### **SAK 23/2011: Arbeidsplan og Referatsaker**

#### **1 Medlemsutviklinga – Medlemsverving**

Medlemsutvikling hittil i år:

Medlemstal 01/01-11: 3.429    **Medlemstal pr 22/03-11: 3.426**

**Nyinnmelde hittil i 2011: 58**    Utmeldte hittil i år: 61

August 2010 var det 3011 søkjarar om produksjonstilskot. Av desse var 2355 var menn og 436 var kvinner, 220 andre føretak. I alle de tre vestlandsfylka er det 15% kvinnelige brukere ifølge SSB. Av eiendomsoverdragelser i 2008, dvs alle bruk med eller uten drift, var det 38% kvinner som overtok.

**2 Arbeids- og møteplan 2011-2012**

(Dato ajourført: 28. mars)

Haustferie skulen: Veke 40 – 3.-7. oktober 2011. Vinterferie: Veke 8 – 20.-24. februar 2012

Dato/Månad	Tiltak/Arrangement	Stad	Deltakarar/Ansvarlege
15. april	Påmelding Open Gard		Lokallaga
12. april	Informasjonsaksjonsdag Norges Bondelag	Oslo	Alle lokallag
13.-15. april	FK-veka stand	Molde	Fylkeslaget
5. mai	Statens tilbod venta – Krav levert 28.4.		
Mai	Jordbruksforhandlingar Aksjonsberedskap		Lokallagsstyret. Fylkesstyret
30. mai	Styremøte og møte årsmøteutsendingane		Styret + årsmøteuts.
8.-9. Jun 2011	Årsmøte Norges Bondelag	Lillehammer	Årsmøteutsendingar + A Erlien
21. aug - Søndag	Open Gard		Lokallaga
24.-28. august	Den Norske Matfestivalen	Ålesund	Birgit
31.aug-1.sept	Sekretariatskonferanse	Hønefoss	Hele kontoret
2.-4. sept	Dyregod-dagane stand + evt møte	Gjemnes	Kontoret / Myrbostad
September	Fylkesstyremøte		Styret
Oktober	Fylkesstyremøte		Styret
19.-21. Oktober	Skattekurs: Tema:	Geiranger	Samarb. Rekneskapskontor
Oktober	Temadag Eigarskifte	Molde	
Innan 21. okt	Årsmøte i lokallaga		Medlemmene/lokallaga
4.-5. Nov	Leiarmøte + styrekurs	Molde	Lokallagsstyra og fylkeslag
11.-13. nov	Nei til EU Landsmøte	Molde Seilet	
25. nov	Søknad Aktivt Lokallagsmidlar		Lokallaga
Desember	Fylkesstyremøte		Styret
<b>2012</b>			
Januar	Fylkesstyremøte		Styret
Jan	Frist for lokallaga forslag til valnemnda		
jan / feb.	Møte i valnemnda		
ca. 1. feb	Lokallaga frist sende inn saker fylkesårsmøte		
Feb	Fylkesstyremøte (årsmeld/rekneskap)		Styret
Feb	Lokallaga frist uttale jordbruksavtala		
1. mars	Kontingentforfall		
Mars	Fylkesstyremøte (handsame jordbr.avtala)		Styret og samvirket
9.-10. mars	Årsmøte M&R Bondelag	Molde	Lokallaga, fylkeslaget

**2.2 Samrådsmøte for lokallaga i Bondelaget og Bygdekvinnelaget til hausten**

Ein felles konferansedag til hausten saman med BKL og evt BU er lufta. For Bondelaget bør det vere tidleg, dvs i september, som oppstartmøte før lokallagsårsmøta i tida 1. – 21. okt.

For Bondelaget er det viktig å belyse rekruttering, likestilling og nettverk.

BKL sitt prosjekt ”Bygdekvinnelaget opnar bygda” kan vere aktuelt i denne samanhengen med innleiar(ar) som kan nyttast, Kathrine Kleveland og NBK sin prosjektleiar.

**2.3 Fastsetting av datoar for styremøta, leiarmøtet 2011 og fylkesårsmøtet 2012:**

Styret vil vurdere å ta opp konkrete saker til drøfting av aktuelle tiltak på framtidige styremøte. Tema kan vere: Hest som næring.

Styremøter for september, oktober og desember blir fastsett i neste styremøte:

**Måndag 30. Mai: Styremøte og møte m/ årsmøteutsendingane****Fredag 4.- laurdag 5. nov 2011: Leiarmøte utvida for lokallagsstyra. Seilet**

(11.-13. nov skal NTEU ha landsmøte på Seilet i Molde.)

Norges Bondelag vil flytte fram årsmøta i lokallaga og Leiarmøta. Leiarmøtet dels som kurs.

Fredag: Temakurs. 1. For nye styremedlemer i laga. 2. Landbrukspolitisk kurs

Laurdag: Utvida Leiarmøte.

Stad: Rica Seilet Hotell, Molde

**Fredag 9. og laurdag 10. mars 2012: Landbrukskonferanse og fylkesårsmøte**

Stad: Rica Seilet Hotell, Molde

Fredag: Landbrukskonferanse i lag med ..... Tema og innleiarar:....

Laurdag: Årsmøtesaker

### **3 Representasjon og invitasjon til andre møter og arrangement:**

- 1.-2. Mars + 11.-12. april + 3. mai Valkomiteen Norges Bondelag.** Inge Martin Karlsvik.
- 2.-3. april: Årsmøte M&R Bygdekvinnelag, Surnadal** Arne Rekkedal, Anne Turid Myrbostad
- 5. april: Årsmøte Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal,** Skaret, Molde. Inge Martin Karlsvik.
- 13.-15. april FK-uka i Molde.** Fylkeslaget påmeldt med stand
- 24.-28. august:** Den Norske Matfestivalen, Ålesund. Birgit Kjerstad delta stand BKL.
- 26. – 28. august Midtnorsk Samarbeidsråd fagleg samling** under Agrisjå 2011.
- 2.-4. sep Dyregod-dagane på Batnfjordsøra i Gjemnes: Stand og evt seminar**  
Styret vurderer vidare t.d. fredag den 2. å lage til et møte på 1,5 time f eks om Landbruksmeldinga med Ola T Heggem m fl el a. evt Matkjedeutvalet. Servering.  
Dette kan bli knytt opp mot lokalvalet til hausten med fylkesordførerkandidat (ar) el a .
- 5.-7. september: Fylkesmannen si årlege landbrukskonferanse i Geiranger** for landbruksforvaltninga. Fylkeskontoret.
- 22.-23. september: Leiarkonferanse Norges Bondelag,** fylkesleiar, org.-sjef

### **4 Aktivitetar og møter i lokallaga**

- 25. februar: Årsmøte Rovde Bondelag** – Arne Rekkedal. Inge Moen ny leiar etter Petter Bondhus.

### **5 Referat frå møter og arrangement**

- 21. februar: Generalforsamling i Den Norske Matfestivalen i Ålesund.** Bondelagets styremedlem i Matfestivalen, Jørgen Holte, møtte for M&R Bondelag.

Jon Grimstad (Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag) valt til ny leiar etter Kåre Hanken. Dei øvrige i styret: nestleiar Jørgen Holte (M&R Bondelag), Eva Hole (NHO Reiseliv), Ottar Longva (Landbruksselskapet), Solveig Linge Stakkestad (M&R Bygdekvinnelag), Roy Vedlog (Kokkenes Mesterlaug i M&R), Kristin Krohn Devold (Ålesund kommune), Eivind Sporsen (Tine), Aud Helen Nøstdal (FHL-Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening), Sigmund Simonsen (Nortura) og Kristian Ekornås (Dagligvaredagen).

**7. og 9. mars: Møter i Kristiansund og Molde - Brann og Sikkerhet i Landbruket**

Inviterte deltakarar på møta er: Mattilsynet, Istad Nett/NEAS, Brannvesen, Arbeidstilsynet, Gjensidige, Bondelaget, Landbrukets HMS-teneste. Kristiansund: Erik Olufsen. Molde: Hans Frafjord

**7.-9. mars Bioenergi seminar Ørlandet.** Anne Katrine Jensen.

**9. mars: Møte mellom Rovviltneimnda og organisasjonar,** Alexandra, Molde. Karlsvik og Wentzel

**15. mars Styringsgruppa Prosjekt mjølk** Nordmøre. Tine Midt. Oddvar Mikkelsen forfall.

**16. mars Miljømjølk.** Anne Katrine Jensen.

**23.-24 mars: Representantskapsmøte Norges Bondelag, Oslo.** Karlsvik, Stenerud og Wentzel.

**26. mars: Årsmøte i 4H Møre og Romsdal, Fræna** – Meldt forfall.

### **6 Orienteringssaker**

**6.1 Godtgjersle i lokallaga** til leiar o.a. blir fastsett etter vedtak i årsmøtet i laget, der ein også tek omsyn til økonomien i laget.

Ved godtgjersle for utsending frå laget til Årsmøtet og Leiarmøtet i fylkeslaget tilrår vi t.d. sats tilsvarende for avløyning under sjukdom, no kr 1.250/dag. Fylkeslaget vil likevel tilrå at godtgjersle blir prøvd halde under det som er oppgavepliktig, inntil kr 4.000 årleg. Det er då ein skattemessig og arbeidsmessig vinst.

Dekning av kostnader til avløyning kan også vere etter rekning då det ikkje er oppgavepliktig.

Dekning av kontorutgifter, tlf og småkjøring kan t.d. vere på inntil kr 1.500 årleg utan dokumentasjon og utan oppgaveplikt. Elles kan det vere dekning av kostnader etter rekning.

Oppgavepliktige ytingar blir utbetalt lokalt med fråtrekk av skattetrekk, og sendt på skjema til Norges Bondelag som sender inn melding til Skattevesenet. Norges Bondelag reduserer årleg refusjon til lokallaget med evt innbetalt skatt og arbeidsgjevaravgift for laget. Fylkeslaget viser også til skriv frå Norges Bondelag.

Møre og Romsdal Bondelag dekkjer lokallaga sin reise og opphald på fylkesårsmøtet og Leiarmøtet, men yter ikkje møtegodtgjersle.

## 6.2 NRK 2 Ekko Viten om antibiotika i norsk husdyrhold

Reist av Birgit Kjerstad. Felelskjøpet Nordmøre og Romsdal opplyser: Det brukes koksidiostatika i fôr til kylling, men IKKE i slutfôr (dvs min 2 dager med fôr uten koksidiostatika før slakting) Når det gjelder definisjonen av antibiotika/koksidiostatika blir vel koksidiostatika som skal virke hemmende på encella organismer (koksidier) i tarmen klassifisert i en egen gruppe tilsetningsstoffer, adskilt fra antibiotika. Dette er EU regelverk som du muligens kan finne mer info om på nettet. Sinkbacitracin er visstnok fortsatt godkjent til gris i EU (også i Norge), men det blir ikke brukt av norske fôrprodusenter i dag. Var vel noen tilfeller der det ble foreskrevet av veterinær for en 2-3 år siden.

## 6.3 Drøfte Utviklingsprogrammet for mat og vidareføring i fylket – førebels orientering

Stein Brubæk ønskjer å møte styret + evt FMLA. Programmet er vedteke og endra. Skal meir over på bonden enn andre aktørar. FMLA oppteken av mat i f t reiseliv og kulturlandskap, men dette treng ikkje vere inntektsgjevande for bonden. Brita Skallerud er leiar sentralt.

Aktuelt å ta igjen i neste styremøte framfor årsmøtet i NB.

## 6.4 Valldal Bondelag spørsmål om fylkeslagets rovdyrpolitikk

Leiar Geir Arne Myren skriv i mail: På fylkesårsmøte var det snakk om at Trollheimen skulle bli fri for ynglende jerv. Vis dette skjer utan at bestandsmålet på tal ynglingar i Møre og Romsdal blir redusert, so vil dette føre til ei forskyving av ynglina til andre område. T.d. Reinheimen. Dette vil vere katastrofalt, fordi vi kan få auka jervebestand i område som allereie har store tap og har større tettheit med beitedyr en Trollheimen. Fint om dokke har litt info om dette her, fordi vi har ein del medlemmar som er opptatt av dette.

### Svar: Vedlagt vår uttale til forslag til ny forvaltningsplan:

Møre og Romsdal Bondelag sitt arbeid for å gjøre Trollheimen fri for ynglende jerv har pågått helt siden området ble åpnet for yngling. Seinere ble øvrige Trollheimen med Oppdal og så Rennebu gjort ynglefrie.

Vi mener at det faktisk allerede er minst 3 ynglinger i Dovre og Reinheimen. Med andre ord endrer et slikt vedtak ikke så mye på faktisk situasjon annet enn at det kan bli tyngre å ta ut skadedyr, det ser vi.

Videre har vi fått merknader fra Valldal Bondelag tidligere om at vokterhund i Ulvådalen kunne presse rovdyra over på Valldal-sida. Uansett har vi aldri ment at vokterhund er særlig forebyggende, bare at en finner kadaver.

Vår strategi, som ikke er stavet helt ut i uttalen, har hele tiden vært det motsatte av Nord-Trøndelag som fortsatt ønsker å såkalt byrdeforedele ved å spreie ynglende rovdyr over et størst mulig område. Bl a har de nå uttalt at de ønsker å spre bjørneynglinger utover. Dette har nå endelig S-Trøndelag Bondelag gått mot.

Vår strategi er at ved grensen mot Sverige vil det alltid være et rovdyrpress spesielt på ulv og bjørn pga rovdyrpolitikken i Sverige.

Vi må ta ansvar for jerv i høyfjellstrøkene også i S-Norge foruten gaupe (Nordmøre). Slik har Nordmøre ut fra byrdefordelingsprinsippet ynglende gaupe sør til Sunndalsfjorden. Trollheimen har også 1600 tamrein på vinterbeite uten at det er vårt hovedansvar, men sauebeitene.

Vi har to av landets største verneområder, Dovre og Reinheimen, der det er villrein som naturlige byttedyr.

Ved å fjerne Trollheimen mener vi at vi reduserer trykket av jerv inn i fylket fra nord. Storparten av Sunnmøre skal være "rovdyrfri", altså mindre trykk fra sør. Dette som en knipetang-manøver med å redusere den samla spredninga fra fjellområdene ut mot fjordene.

Så er det beklagelige faktum at vi må vise ynglende jerv til noen områder, men vi ønsker altså å redusere det samla trykket rundt disse områdene fra alle kanter. Så må vi arbeidet for en rekke tiltak, også å få bestanden ned på bestandsmålet. Reinheimen var som kjent tidligere kjerneområde for jerv.

## 6.5 Saker frå Bygdekvinnelaget –

2.-3. april: Årsmøte M&R Bygdekvinnelag, Surnadal

**6.6 Saker frå Bygdeungdomslaget** - Fylkesårsmøtet halde i Surnadal 19. februar. Arnhild Heggemli Harstad, Gjemnes, valt til ny leiar etter Kari Haugen.

## 6.7 Mesta tar bort alle gjerde innan 3 meter frå veg.

Må vere høve til at elektrisk gjerde kan stå der det tydeleg er halde vedlike.

**6.8 Organisasjonssjef Gunnar Wentzel** varsla fylkesstyret om at han går av med pensjon 31. juli 2011. Norges Bondelag lyser ut stillinga i løpet av april månad.

## Heimeside 02.03.2011 Rovdyrbestanden for stor, tapa aukar og mindre beiting stikk i strid med måla

Trass i at Rovviltnemnda har vist handlekraft på ei rekkje område, er rovdyrtalet langt over bestandsmåla, tapa fordobla på 20 år, og beitebruken går tilbake. Dette er forvaltninga sitt ansvar. - Vi er tilfreds med forslag om å ta Trollheimen ut av yngleområdet for jerv slik vi har kravd sidan innføringa og politikarar har støtta sterkt. Dette seier Møre og Romsdal Bondelag i høyringa på ny forvaltningsplan til Rovviltnemnda for regionen som er vel leia av Toril Melheim Strand frå Nesset.



**Heimeside 04.03.2011 Arbeidarpartiet på Møre krev inntektsløft og omsyn til Vestlandslandbruket**

Årsmøtet i Møre og Romsdal Arbeidarparti krev eit løft i inntektene i tråd med lønsutviklinga i Norge og der det særleg vert teke omsyn til Vestlandsjordbruket. Stortinget må redusere måltala for yngling av både bjørn, jerv og gaupe, og Trollheimen må bli tatt bort som yngleområde for jerv. Tiltaksordninga for aktivt landbruk i vestnorsk fjord-landskap må vidareførast på permanent basis. Oppdrettsnæringa må tilpasse seg ein miljømessig berekraftig drift for å sikre at villaksen overlever. Omsøkte småkraftverk må få raskare sakshandsaming og dei som var lova må kome inn under Grøne sertifikat. Dette vedtok Arbeidarpartiet sitt årsmøte sist helg.

**Heimeside 12.03.2011 Det norske landbruket må produsere mer mat**

Norges befolkning skal øke med en million på 20 år. Dvs 20 prosent. Derfor må det norske landbruket produsere 20 prosent mer mat. Aller helst mer. Jeg tror ikke vi kan basere oss i like stor grad på å importere den maten vi trenger. I en verden der alle ting tyder på at god og sunn mat blir en knapphetsfaktor er det ikke sikkert det hjelper med oljepenger for å kjøpe maten i verdensmarkedet, sa fylkesleder Inge Martin Karlsvik i sin tale til fylkesårsmøtet i Molde 11. og 12. mars.

**Heimeside 12.03.2011 Fylkesårsmøtet fokuserte på rekruttering og matpolitikken**

Inge Martin Karlsvik, Eide, vart på årsmøtet i Molde laurdag 12. mars attvalt som fylkesleiar i Møre og Romsdal Bondelag, og Birgit Oline Kjerstad, Haram, attvalt som nestleiar. Årsmøtet påpeiker i ein uttale at Møre og Romsdal er jordvern-versting, og at fylket og kommunar ikkje gjer jobben sin på dette området. I ei anna uttale seier årsmøtet at det må bli meir attraktivt for unge å satse på landbruk.

**Heimeside 14.03.2011 Prioritere Vestlandspakke og det arbeidskrevjande husdyrhaldet**

Årsmøtet i Møre og Romsdal Bondelag slutta seg til fylkesstyret sitt framlegg til uttale med to tillegg: Auka målpris i kornsektoren må ikkje skape ein situasjon som overfører arbeidet med forbetring av økonomien i husdyrproduksjonane til sentrale kornområde. Vidare at ved fjerning av SMIL-midlane slik fylket gjer framlegg om trengst det midlar til vedlikehald og nyanlegg av sperregjerde mot utmark. Det arbeidskrevjane husdyrhaldet på Vestlandet treng ein samla tiltakspakke over fleire år. Lokallaga er tydelege på at grovfôrbaserte produksjonar og spesielt mjølk må bli prioritert. Inntektsnivået og kapitalgodtgjersla på referansebruka og fordelinga av produksjonstillegg stadfester dette. Husdyrproduksjonane må også bli prioritert med bakgrunn i arbeidsomfang og beredskap alle dagar heile året.

**Heimeside 14.03.2011 Boom hos bønder**

Fra nullsatsing til byggeboom hos unge bønder i fylket. Nå kreves at staten følger opp. - Å investere i landbruket er knalltøft. At gledelig mange søker investeringsmidler viser betinget optimisme. Mange ser muligheten bare vi får konkurransedyktig inntektsvilkår. Det er rett og slett snakk om økonomi, sier fylkesleder Inge Martin Karlsvik til ROMSDALS BUDSTIKKE etter fylkesårsmøtet i helga.

**Heimeside 16.03.2011 Rauma Bondelag kåra til Aktivt Lokallag**

Rauma Bondelag vart på fylkesårsmøtet i Bondelaget utnemnt til Aktivt Lokallag 2010. Fylkesleiar i Møre og Romsdal Bondelag, Inge Martin Karlsvik overrekte vandrepremien til leiar i Rauma Bondelag, Anders Øverbø og nestleiar Øyvind Karlsvik-Heinåli.

**Møtet heva kl 20.30**

Referentar:

Gunnar K Wentzel    Arild Erlie